



Årsplan

For Hyen Barnehage

2020 - 2024

Innhald

Innleiring	3
Verdigrunnlaget.....	3
Dette legg vi vekt på ved Hyen Barnehage.....	3
Omsorg og anerkjenning	3
Leik og sosial kompetanse.....	4
Læring og utvikling	4
Fokusområde.....	5
Digital praksis	5
Leiing	6
Livsmeistring og helse	6
Språk, omgrep og språkmiljø.....	7
Samarbeid.....	7
Foreldre	7
Kommunale instansar.....	8
Overgang barnehage - skule	8
Pedagogisk arbeid	8
Aktivitetar i barnehagen.....	9
Årshjul Hyen barnehage	10

Innleiing

Lov om barnehagar og Rammeplanen seier at barnehagen skal ha ein årsplan. Det skal vere ein arbeidsreiskap for dei tilsette, og grunnlag for den vidare planlegginga, refleksjon og drøfting. Årsplanen er med på å gje foreldra og andre samarbeidspartnarar kunnskap om innhaldet og verdiane vi byggjer på. Foreldra er velkomne med innspel og synspunkt på arbeidet. Samarbeid med heimen er viktig for å støtte ulike prosessar.

Verdigrunnlaget

Arbeidet i barnehagen byggjer på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettigheitene. Rammeplanen for barnehagen legg vekt på barns eigenverdi, demokrati og mangfald. Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Dette legg vi vekt på ved Hyen Barnehage

Omsorg og anerkjenning

Dei vaksne i barnehagen skal vere nær borna slik at dei både ser og kan lytte til det borna er opptekne av. Dei skal kunne oppmuntre borna, støtte dei og gje dei trøyst når dei treng det. Det er viktig at dei vaksne gir tryggleik slik at borna får tillit til både seg sjølv og andre. Barnehagen skal opplevast som ein trygg og god stad å vere.

Barna skal bli møtt med anerkjenning. Dei vaksne skal sjå dei for den dei er med sine unike føresetnader. Borna skal få vise kjensler og likevel bli møtt med respekt. Dei vaksne skal rettleie dei i korleis sterke kjensler kan handterast. Borna i barnehagen skal få erfare at vi er ulike og likevel gje rom for kvarandre og vise respekt. Borna skal få høve til å medverke i kvardagen i barnehagen, tilpassa alder og modning.



Leik og sosial kompetanse

Leiken har ein sentral plass i borna sine liv, og skal også ha ein sentral plass i barnehagen. I leiken får borna oppleve seg sjølv i samspel med andre born og vaksne. Leiken gjev rom for skaparglede, fantasi og livsutfaldning.

Ved å legge til rette for variert leik i barnehagen, legg vi og til rette for å la borna utvikle sosial kompetanse. Dette fordi at i leiken tek borna ulike roller, og jo fleire sosiale erfaringar får barnet som det seinare kan arbeide vidare med og utdjupe. I tillegg lærer dei både å forhandle og å kompromisse. Dei må ta omsyn til kvarandre, og la alle få bestemme litt kvar. Leiken er ein viktig arena for læring på alle utviklingsområda.



Læring og utvikling

Borna sine interesser er utgangspunkt for tema og læreprosessar. Dette gjer vi ved å møte borna sine interesser og undring på ein utforskande måte. Vi stiller spørsmål og finn svar ilag med borna. Vi brukar også fagområda i rammeplanen som utgangspunkt for planlegginga av det pedagogiske arbeidet.

Fagområda i rammeplanen er:

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle, mat og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknologi
5. Mengd, rom og form
6. Etikk, religion og filosofi
7. Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at borna trivst og opplever meistring. For at borna skal våge å prøve nye ting treng dei å kjenne seg trygge. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der borna får støtte til å mestre motgang, handtere utfordringar. Gjennom dei ulike tema og fagfelta som vi tek føre oss hører det med varierte opplevingar der borna får gjere eigne og nye erfaringar, vere utforskande, og bearbeide nye inntrykk.



Fokusområde

For perioden 2020 – 2024 har barnehagane i Gloppen kommune desse fokusområda i sin utviklingsplan:

- Digital praksis
- Leiing
- Livsmeistring og helse
- Språk, omgrep og språkmiljø

Digital praksis

Den digitale praksisen i barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om borna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. I samband med bruk av digitale verktøy skal personalet vere aktive saman med barna. Samtidig skal digitale verktøy brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium.

Av digitale verktøy har vi I-padar og videoprojektor som vi brukar i barnehagen. I perioden 2020-2024 kjem vi til å utforske nye kreative måtar å bruke desse digitale verktøya. Kommunen har ein plan for kompetanseheving og skal sikre tilgang på oppdatert teknisk utstyr.

Leiing

Leiing vert definert som å påverke og jobbe gjennom andre for å nå resultat. Styrar saman med pedagogisk leiar utgjer leiinga i barnehagen. Leiing handlar om å

planlegge, leie og bevisstgjere heile personalet på aktivitetane i barnehagen og knyte dei til det verdimesige grunnlaget. Leiinga må sørge for at personalet utviklar felles forståelse, tek i bruk kompetansen sin og er profesjonelle rollemodellar. Sentralt fokus vert å sette mål, kommunisere og ta avgjerdslar. Ein god leiar skal både ha ein støtte-funksjon og ein styre-funksjon.

Hyen barnehage har hatt ein periode med mykje utskifting av styrar og pedagogisk leiar som har gjett ustabilitet og lite struktur i det langsiktige arbeidet. I perioden 2020-2024 kjem vi til å fokusere på å få dei overordna strukturane på plass, utarbeide gode rutinar for drifta og etablere ein god tilbakemeldingskultur hjå dei tilsette.



Livsmeistring og helse

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal også fremjast i barnehagen. Borna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barnehagen skal bidra til at borna trivst og opplever livsglede og ei kjensle av eigenverd, og han skal forebygge krenkingar og mobbing.

Kommunen tilbyr kurs i Circle of Security (tryggleikssirkelen) kvar haustr for nytilsette. Gloppen kommune har også ein handlingsplan mot mobbing. For at barnehagen skal ha eit reflektert menneskesyn krev det at personalet har ein godt utvikla emosjonell kompetanse. Personalgruppa må derfor vere prega av ein god tilbakemeldingskultur der kvar enkelt kjenner seg trygg i yrkesrolla si. Venskap og inkludering er også tema som vi snakkar mykje med barnegruppa om.

Språk, omgrep og språkmiljø

Språk er meir enn berre ord. Det handlar om å lytte, delta, uttrykke seg, medverke, forstå, mestre, reflektere, skape og utforske. Barnehagen er staden der borna legg grunnlaget for ein god språkleg kompetanse, og vi ønskjer å gje borna eit godt grunnlag å byggje vidare på. Språket skal vere i fokus gjennom heile barnehagedagen både i planlagde aktivitetar og i dei spontane kvardagssamtalane.

Born er forskjellige og har ulike føresetnader og utgangspunkt når det kjem til språk. I barnehagen gjennomfører vi ei enkel kartlegging (Askeladden) av alle 3-åringar for å fange opp born med språkvanskar og sikre god tilrettelegging av språkmiljøet. Vi jobbar med språket i musiske aktivitetar, gode samtalar, lesestunder og leik.



Samarbeid

Foreldre

Barnehagen ynskjer eit godt samarbeid med heimen. Dette føreset at vi har tillit og forståing for kvarandre. Foreldresamarbeidet rommar mykje; dialogen kring i dei daglege hente- og bringesituasjonane, skriftleg informasjon via Vigilo, foreldresamtalar og foreldremøter. Det vert gjennomført minst eit foreldremøte pr. barnehageår i tillegg til foreldresamtalar kvar haust og vår. Hyen skule og barnehage har eit felles samarbeidsutval og i SU sit det ein representant frå foreldra i barnehagen.

Barnehagen sine forventingar til foreldra:

- Barnet er utkvilt og friskt når det kjem i barnehagen, og kan vere både inne og ute
- Barnet er kledd for å vere i allsidig leik inne og ute og har byteklede etter årstid
- Held orden i barnet si hylle og vaskar skitne uteklede jamleg

- Melder frå dersom barnet vert levert etter klokka 09:30, eller ved fråvær.
- Les informasjon frå barnehagen
- Informerer barnehagen om tilhøve / endringar som kan påverke barnet sin barnehagedag på kort eller lang sikt, t.d. dødsfall, sjukdom eller samlivsbrot.
- Spør dersom de lurer på noko
- Seier ifrå dersom de er misnøgde med noko som gjeld i barnehagen eller om barnet sjølv viser teikn på mistrivsel
- Hentar barnet før stengetid

Dette kan foreldre forvente av barnehagen:

- At vi tek føresette på alvor, og viser deg respekt
- At vi ser kvart ein skild barn
- At vi har ditt barns beste i hovedfokus
- At vi er tilgjengelege og tilstades

Kommunale instansar

Helsestasjon, Pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Team for tidleg innsats (TTI) og barnevern er kommunale tenester og institusjonar som barnehagen kan samarbeide med. Dette dreier seg som oftast om frivillige hjelpetiltak i samråd med foreldre. I Gloppen kommune har vi også ein modell for betre tverrfagleg innsats (BTI) som Hyen barnehage følgjer i samarbeid med andre instansar.

Overgang barnehage - skule

Barnehagen har eit godt samarbeid med skulen, og vi har fleire aktivitetar ilag. På denne måten får førskuleborna ein fin overgang frå barnehagen til 1. klasse på skulen.

Førskuleborna får låne eit klasserom på skulen når dei har førskulegruppe, dei et lunsjen sin på skulen når det er kantinedagar og deltek på aktivitetsdag og julegrantenning før jul. I mai / juni er det førskuledagar. Ettersom barnehagen og skulen er nære naboar, kan barnehagebarna og skulebarna også treffe kvarandre i friminutta.

Kommunen har ein eigen plan for overgang barnehage – skule. Der er det fokus på å skape eit inkluderande og psykisk helsefremjande miljø, sjå og hjelpe dei mest sårbare borna og sikre eit godt samarbeid med heimen.

Pedagogisk arbeid

Personalet planlegg og vurderer innhaldet i barnehagedagen kontinuerleg for å lage ein best mogleg kvardag for borna. I tillegg har vi faste personalmøter ein gong i månaden. Dette for å sikre trivselen og utviklinga til både barnegruppa og det enkelte barnet. Arbeidet kjem til syne i månadsplanane og månadsbreva som vi sender ut til føresette. Personalet har 5 planleggingsdagar fordelt gjennom barnehageåret der vi har moglegheit til å jobbe vidare med dei ulike fokusområda vi har.

Det pedagogiske arbeidet i barnehagen vert dokumentert gjennom vekevise innlegg på Vigilo med bilder og månadsbrev.

Barns medverknad er også noko personalet er opptekne av. Det vert difor gjennomført barnesamtalar med dei eldste barna. Gjennom desse samtalane får vi vite meir om korleis barna har det i barnehagen, kva det er oppteke av og dei kan få kome med sine ynskjer.



Aktivitetar i barnehagen

Vi har fleire aktivitetar / tradisjonar gjennom barnehageåret:

- Gymsalen – Vi er så heldige at vi får bruke gymsalen minst ein gong i veka. Vi varierer på størrelsen på gruppa, og gruppесamsetjinga.
- Førskulegruppe – Førskuleborna får litt tid for seg sjølve der dei har eige opplegg.
- Turar – Det blir turar i samla tropp og i små grupper, korte turar og dagsturar.
- Sommarfest.
- Turar på biblioteket i mindre grupper.
- Den kulturelle skulesekken – Kva vi får tilbod om varierar; t.d. kino- / bibliotek- og museumsbesøk på Sandane. Her er dei to eldste årskulla prioriterte.
- Luciafeiring – Luciadagen er 13. desember. Vi går luciatog bort til bukollektivet og serverer heimebaka lussekattar til dei som er der. Og vi vil sjølvsgåt synge både luciasongen og nokre julesongar for dei.

- Fakkeltog / Nissetog – Dette skjer i samarbeid med skulen, siste skoledagen før jul. Vi går i fakkeltog rundt Holmen før det lysnar. Vi stoppar ved bukollektivet og syng julesongar. Seinare på dagen blir det risengrynsgraut ilag med skulen i gymsalen, og juletregong

Denne lista er rettleiande. Det vil seie at det kan bli endringar.

Årshjul Hyen barnehage

Månad	Tema og aktivitetar	Fagfelt	Overordna lovverk
August	Venskap og tilvenning er tema i samlingsstund. Lage venskapsplakat	Rammeplanen Kommunikasjon, språk og tekst	Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barna får tid til å bli kjend, etablere nye relasjonar og knyte seg til personalet og til andre born. Gjennom arbeid med dette fagfellet skal barna bruke språket sitt til å skape relasjonar og delta i leik.
September	Brannvern og trafikksikkerhet er tema i samlingsstund. Besøk av brannvesenet og utdeling av refleksar Foreldremøte	Nærmiljø og samfunn	Gjennom arbeid med dette fagfellet skal barna få høve til å bli kjende med ulike samfunnsinstitusjonar og yrker. Barna skal også få lære seg å ferdast trygt i trafikken.
Oktober	Haust er tema i samlingsstund. Turar i nærmiljøet der ein ser korleis naturen forandrar seg. Naturbingo og kjeldesortering Utforske og eksperimentere med fysiske lover. Haustferie	Natur, miljø og teknologi	Gjennom arbeid med dette fagfellet skal barna få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen, samt at barna fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barna skal få moglegheit til å oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover. Barna skal få gjere seg erfaringar med bruk av teknologi og å lage konstruksjonar av ulike materialer og reiskaper.
November	Eventyr og teater er tema i samlingsstund Didaktisk lesing av ulike eventyr Teaterframstykking Høyre på lydbøker/ sjå filmar Lage konkretar til eventyra av ulike materialer Foreldresamtalar	Kommunikasjon, språk og tekst Kunst, kultur og kreativitet	Gjennom arbeidet med dette fagfellet skal barna møte eit mangfold av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer. Barna skal få oppleve spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale. Gjennom arbeidet med dette fagfellet skal barna bruke ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk. Barna skal få møte eit mangfold av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og utforske og delta i kunst- og kulturopplevingar saman med andre.

Desember	Adventstid, jul og tradisjonar er tema i samlingsstund. Besøk av rampenissen Tenning av julegrana Lucia-dag, nissetog, julegraut Bake julekaker, lage julepynt og julegåver.	Etikk, religion og filosofi Kunst, kultur og kreativitet	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna støttast i å vere aktive og skape eigne kunstariske og kulturelle uttrykk. Borna skal få bruke eigen fantasi, kreativ tenking og skaparglede.
Januar	Bokstavar, tal og figurar er tema i samlingsstund. Aktivitetar der ein fokuserer på ulike storleikar og figurar Lære borna om ulike bokstavar og kva bokstav som høyrer til dei forskjellige tinga og personane vi har rundt oss.	Kommunikasjon, språk og tekst Mengd, rom og form	Gjennom arbeidet med dette fagfeltet skal borna støttast i leiken med og utforskinga av skriftspråket. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få undersøkje og kjenne igjen eigenskapar ved former og sortere dei på forskjellige måtar. Borna skal få oppdage og undre seg over matematiske samanhengar og utvikle forståing for grunnleggande matematiske omgrep.
Februar	Vinter, meistring og mangfold er tema i samlingsstund. Bruke snøen til å lage snømenn og snøenglar. Ake og gjennomføre vinterolympiade Måle og teikne ulike vintermotiv Karneval-dag	Natur, miljø og teknologi Kropp, rørsle, mat og helse	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen, samt at borna fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna inkluderast i aktivitetar der dei får røre seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader.
Mars	Vår, dyra på garden og frukt/grønsaker er tema i samlingsstund. Besøke gard på Straume / Holme. Leikekjøkken med kjøp og sal av leikemat og å følgje enkle oppskrifter. Samtalar med fokus på undring og problemløysing	Mengd, rom og form Natur, miljø og teknologi	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få leike og eksperimentere med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykke dette på. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få kunnskap om dyr og dyreliv
April	Meg og deg, kropp og kjensler (og påske) er tema i samlingsstund. Lage påskepynt Påskeferie	Kropp, rørsle, mat og helse Kommunikasjon, språk og tekst	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna bli kjende med eigne behov og kjensler, få kjennskap til menneskekroppen og få ei positiv oppfatning av seg sjølv. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna lære seg å uttrykke kjensler, tankar, meininger og erfaringar på ulike måtar.

Mai	<p>Norge, 17. mai og nærmiljø er tema i samlingsstund.</p> <p>Førskuleborna får vere rosaruss</p> <p>Gå i tog/ teikne norske flagg</p> <p>Prosjekt: lage kart over Hyen. Teikne inn kven som bur kor.</p>	Nærmiljø og samfunn	Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få høve til å bli kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.
Juni	<p>Nærmiljø og sommar er tema i samlingsstund.</p> <p>Forts. prosjekt med å lage kart. Besøke ulike stader i Hyen, f.eks. Nesholmen og Brødrene Aa</p>	Nærmiljø og samfunn	Gjennom arbeid med fagfeltet skal borna få høve til å utforske ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet, og lære seg å ferdast trygt.
Juli	<p>Sommar er tema i samlingsstund.</p> <p>Uteleik og leik med vatn. Finne stader i naturen der det er vatn og elvar/bekkar.</p> <p>Barnehagen er 3 veker sommarstengd</p>	Kropp, rørsle, mat og helse Natur, miljø og teknologi	Gjennom arbeid med fagfeltet skal borna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom arbeid med dette fagfeltet skal borna få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen, samt at borna fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.